

Protokoll frå møte Høre sokneråd 26.01.2026

Stad og tid: Hos Nina kl. 16.30

Til stades: Marianne Riste, Silje Olimb, Stein Inge Sæternes, Ingebjørg Laugaland, Margit Loe Bunde

Fråvær: Olav Dahl

Saksliste:

1/26: Godkjenning av innkalling

2/26 Årsmøtepapir

3/26 Minnegåve frå Linnerud

4/26 Kyrkjevertar – manglar 10. mai og 14. juni

5/26 Stølsmesse til sommaren

6/26 Kvinnernes internasjonale bønnedag og bingo 6. mars

7/26 Årshjul

8/26 Valarbeid for 2027

9/26 Salmebøker og gåve poser til konfirmantane

10/26 Konfirmasjonsmesse kun for konfirmantane

11/26 : Lage eit bord til borna i kyrkja, som barna kan sitte og teikne ved under messa.

Sak 1/26:

Behandling: Godkjenning av innkalling

Vedtak: Innkalling godkjent

Sak 2/26:

Behandling: Årsmøtepapirer; gå gjennom årsmelding og tilføy endringar

Vedtak: Årsmelding med tilføyingar er godkjent

Silje går igjennom økonomi på årsmøtet.

Sak 3/26:

Behandling: Minnegåve frå Linnerud. Vi har fått kr. 200.000, - i testament gåve.

Vedtak: Pengane blir satt inn på fond, det skal arbeidast med korleis fond som skal nyttast.

Dette blir en sak på årsmøtet med Silje og Stein Inge.

Sak 4/26:

Behandling: Kyrkjevertar – manglar 10. mai og 14. juni

Vedtak: Olav satt inn den 10. mai og Silje på konfirmasjonsmesse den 14. juni

Sak 5/26:

Behandling: Stølsmesse til sommaren.

Vedtak: Lettare med fleire datoar å tilby stølseigare, finner dato på stølsmesse på felles soknerådsmøte.

Sak 6/26:

Behandling: Kvinnenes internasjonale bønnedag og bingo 6. mars

Vedtak: Høre sokneråd arrangerer bingoen åleine, bingoen startar kl. 20.30. Oppmøte for soknerådet er kl.18.00. Stein Inge og Marianne deltek i kyrkja under messa.

Sak 7/26:

Behandling: Årshjul

Vedtak: Vi har revidert årshjulet.

Sak 8/26:

Behandling: Valarbeid 2027

Vedtak: Vi får liste frå kyrkjekontoret med kven som har vore i sokneråd dei siste åra. Oppfordrar alle til å tenkje på kven som kan spørjast og være en del av nytt sokneråd.

Sak 9/26:

Behandling: Salmebøker og gåve poser til konfirmantane.

Vedtak: Nina bestiller salmebøker til tre konfirmantar og ordnar gåve poserr til telegram.

Sak 10/26:

Behandling: Konfirmasjonsmesse kun for konfirmantane.

Vedtak: Høre sokneråd ynskjer at konfirmasjonsmesse kun er for konfirmasjon og at det ikkje blir organisert dåp i denne messa.

Sak 11/26:

Behandling: Lage eit bord til barna i kyrkja, som barna kan sitte og teikne ved under messa.

Vedtak: Bordplate blir satt ved benkane fremst til høgre for preikestolen, same plass som juletreet. Silje fylgjer opp denne saken.

Referent.

Nina Neståker

MESSELISTE HØRE SOKN 1. HALVDEL 2026

Dato og dag	Klokkeslett	Type	Kyrkjevert	Offerformål
18. JANUAR	11.00		Mariann Riste	Høre/ Slidre Røde Kors
22. FEBRUAR	11.00		Silje Olimb	Mekkeklubben
6. MARS	19.00		Stein Inge Sæternes	Frelsesarmeen
2. APRIL	19.00	Fotvask	Nina Neståker	Kirkens Nødhjelp
10. MAI	11.00		Olav Dahl	Eiget arbeid
14. JUNI	11.00	Konfirmasjon	Margit Loe Bunde Silje Olimb	Barnekraft foreningen
21. JUNI Soknerådet har ingenting med denne å gjøre		Messe pga besøk fra Polen	Presten ordner med vert	Eiget arbeid